



Førde kommune



*Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
2014 - 2017*

Førde kommune – Ei drivkraft med menneska i sentrum

www.forde.kommune.no



Innhold

Samandrag.....	3
1. Innleiing	4
1.1. Bakgrunn, mål og deltaking.	4
1.2. Definisjonar og perspektiv	5
1.3. Anleggstypar.....	6
1.4. Kommunen si rolle og forankring.....	6
1.5. Fylkeskommunale føringar og rolle.....	7
1.6. Overordna statlege føringar og rolle	8
1.7. Idrett og fysisk aktivitet – utfordringar og muligheiter	9
1.8. Planlegging etter plan- og bygningslova.....	10
1.9. Kommunale planar elles som regulerer tilgang og bruk av areal til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	10
2. <i>Resultatvurdering av planperioden 2009 – 2013</i>	11
2.1. Idrettsanlegg	11
2.2. Nærmiljøanlegg	13
3. Uprioritert liste over langsiktige behov for idrettsanlegg og friluftsområde i Førde kommune mot 2026	14
4. Spelemidlar og andre tilskotsordningar	18
4.1. Drift og vedlikehald	19
4.2. Prinsipp for vurdering av tildeling av spelemidlar	19
4.3. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av idrettsanlegg.	20
5. Handlingsprogram for planperioden 2014 - 2017	20
5.1. Behov og utfordringar	20
5.2. Handlingsprogram for perioden 2014 – 2017. Ordinære anlegg for idrett og friluftsliv.....	23
5.3. Handlingsprogram 2014 – 2017 – nærmiljøanlegg	27
6. Langtidsprogram for idrettsanlegg 2017 - 2023	29

Samandrag

Kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 – 2017 skal vere eit politisk og administrativt styringsdokument for både kortsiktige og langsiktige tiltak. Planen skal vurdere langsiktige behov for anlegg dei komande 12 åra og presentere eit kortsiktig prioritert handlingsprogram for fireårsperioden 2014 – 2017.

Føremålet med planen er å legge til rette for at alle som ønskjer det skal ha høve til å delta i idrett eller drive eigenorganisert fysisk aktivitet og friluftsliv i samsvar med nasjonale mål for idrettspolitikken. Det overordna målet er å skape livslang glede for å drive idrett og fysisk aktivitet. Førde kommune vil ha endå sterkare merksemd omkring målgruppene barn og unge, personar med nedsett funksjonsevne og inaktive.

Førde kommune har gode idrettsanlegg. Tilføring av spelemidlar og den store dugnadsviljen i dei frivillige laga er hovudgrunnen til at anleggsutbygginga i Førde kommune har late seg gjennomføre.

Arrangement knytt til idrett og friluftsliv har stor interesse og mobiliserer mange lokale lag og medlemmer, anten det gjeld Førde Opp, volleyball- og handballkampar i Førdehuset, fotballkampar, skikarusell, eller grendaserien rundt omkring i kommunen. Idrett på alle nivå skapar òg begeistringar på tribuna. Og begeistring er igjen med å styrke felles identitet, gjere staden attraktivitet og kjent, og får fleire til å delta som aktive utøvarar.

Vår største utfordring i Førde er at hallkapasiteten ved Førdehuset er sprengt. Samstundes ser vi at nye grupper ønskjer å utøve sine aktivitetar innandørs og i hall. Det talar for å auke hallkapasiteten i Førde. Det er òg viktig at vi legg til rette for eigenaktivitet til barn og unge som ikkje er med dei meir tradisjonelle organisasjonane. Her kan arbeidet i Kråkenesmarka, der partane no går saman om eit felles idretts- og friluftskonsept, vere eit av fleire tilbod. Framfor alt er det avgjerande at vi no opparbeider og tilrettelegg turløyper i sentrum som er både trygge, opplyste på kveldstid, og som er av varierende vanskegrad. Like viktig er det å merke, skilte og informere om dei turløypene vi har i Førde i dag, både sentrumsnære og i grendene. Realisering av "Sykkkelbyen Førde" med ei rekkje sentrumsnære sykkeltrasear er òg ein viktig del her. Hafstadparken er eit eineståande tiltak og må ha eit hovudfokus i dei næraste åra. Det er vidare behov for å oppgradere stadionanlegget med tribune, garderobar og servicehus m.a. i samsvar med at fotballen i Førde har svært stor oppslutnad og at det innan perioden for planen kan vere realistisk å nå opp i adecoligaen, noko som set langt sterkare krav til stadionanlegg.

Planen presenterer eit kortsiktig handlingsprogram for perioden 2014 – 2017 og eit langtidsprogram frå 2017 – 2023.

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn, mål og deltaking.

Kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 – 2017 skal vere eit politisk og administrativt styringsdokument for både kortsiktige og langsiktige tiltak. Planen skal vurdere langsiktige behov for anlegg dei komande 12 åra og presentere eit kortsiktig prioritert handlingsprogram for fireårsperioden 2014 – 2017. Det kortsiktige handlingsprogrammet i planen skal dekke 4 år og kan rullerast annakvart år i samband med årsbudsjett. Planen skal ta omsyn til statens krav om kommuneplan for idrett og anlegg. Dette er òg eit krav for å kunne søke spelemidlar til ordinære anlegg og nærmiljøanlegg.

Planen avløyser kommunedelplan for idrett, anlegg og friluftsliv 2010 – 2013. Den nye planen for perioden 2014 – 2017 vil vere det femte plandokumentet innan dette planområdet i Førde.

Føremålet med planen er å legge til rette for at alle som ønskjer det skal ha høve til å delta i idrett eller drive eigenorganisert fysisk aktivitet og friluftsliv i samsvar med nasjonale mål for idrettspolitikken.

Det overordna målet er å skape livslang glede for å drive idrett og fysisk aktivitet og legge til rette for auka satsing på anlegg som aktiviserer alle innbyggjarane. Førde kommune vidarefører elles sine idrettspolitiske mål frå tidlegare periode, men vil ha endå sterkare merksemd omkring målgruppene barn og unge, personar med nedsett funksjonsevne og inaktive. Måla med arbeidet er slik:

- Legge til rette for at folk kan drive fysisk aktivitet som verkemiddel for betre helse og auka trivsel. Alle skal kunne drive fysisk aktivitet etter sine føresetnader, i naturen eller i tilrettelagde anlegg i kommunen
- Tilbod til alle. Legge endå betre til rette for aktivitetar for både barn og unge, menneske med nedsett funksjonsevne og inaktive
- Betre idrettslaga sine vilkår for konkurranseidrett m.a. gjennom kommunal medverknad og i samarbeid med lag og foreiningar
- Oppretthalde rammevilkåra for leige av kommunal bygg og anlegg slik at anlegg som har fått spelemidlar framleis vert gratis for barn og unge under 19 år
- Alle bør ha tilgang til skilta og merka turløyper innanfor 500 meter frå bustadområde.

Men idrett handlar òg om deltaking i sosiale fellesskap og er ein viktig inkluderingsarena. Her spelar særleg idretts- og friluftsgorganisasjonane ei viktig rolle. Den frivillige idrettsrørsla er formidabel og gjer ein stor innsats. Idrett, sykling, trening og friluftsliv bidreg dessutan monaleg for å nå nasjonale helsepolitiske mål. Ein meir stillesittande kvardag er noko av årsaka til at berre 20 prosent av befolkninga oppfyller styresmaktene sine mål om dagleg fysisk aktivitet.

Kommunedelplanen er utgangspunktet for rådmannen sitt administrative arbeid og forvaltning innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Såleis vil planen vere styrande i høve samarbeidet mellom kommune og dei frivillige organisasjonane. Planen skal:

- prioritere og styre anleggsutbygginga i kommunen
- trekke opp retningsliner for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse
- forvalte kommunale anlegg på ein slik måte at dei tilfredsstillar den standard dei skal ha
- sikre nødvendig areal for leik, idrett og friluftsliv
- syte for at idrettsanlegg vert utvikla i nær forståing med idretten sine behov og prioritering
- legge vekt på å få god utnytting og sambruk av anlegga, samt skape arenaer for fleirbruk
- vere grunnlag for bruk av statlege spelemidlar, fylkeskommunale og kommunale midlar
- avklare rolle- og ansvarsliner i høve kommunen, idrettslaga, idrettsråd og andre organisasjonar
- gi innspel og kome med forslag til anlegg som skal gjennomførast med spelemidlar og tilskot (fylkeskommunen, Fylkesmannen og organisasjonane)
- vere reiskap for budsjett- og økonomiplanarbeidet i kommunen

Kommunedelplanen har òg som siktemål å gje innspel til andre planar i kommunen. Det gjeld innspel til økonomiplanen, arealdelen i kommuneplanen for å sikre areal til nye anlegg, samt bygging, drift og vedlikehald til anlegg.

Førde Idrettsråd, Ungdommens bystyre i Førde, Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Sykkelparken Førde, Eldrerådet, Teknisk avdeling og FDV har vore invitert til å delta i arbeidet med planen. Planutvalet er planansvarlege medan samfunns- og utviklingskomiteen har ved fleire høve hatt planarbeidet til orientering og drøfting.

1.2. Definisjonar og perspektiv

Med fysisk aktivitet meiner vi all form for rørsle og er eit overordna omgrep i planen. Dette inkluderer både friluftsliv, fysisk arbeid, leik, trim, både organisert og gjennom eigenorganisering. Med idrett forstår vi aktivitet i form av organisert trening og konkurranse samt eigentrening. Friluftsliv er opphald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida og med sikte på miljøendringar og naturopplevingar.

Den einskilde har sjølv ansvar for eiga fritid, aktivitet og helse. Kommunedelplanen presenterer tiltak for korleis ein kan legge til rette for at alle på best mogeleg måte kan delta i fysiske aktivitetar, anten organisert eller gjennom eigen organisering. Førde kommune vil samstundes følgje opp statleg politikk om idrett og fysisk aktivitet som helsefremjande og førebyggjande arbeid. Folkehelse vil derfor vere ein sentral dimensjon. Her vil vi særleg ha merksemd retta mot å få fleire av dei som er inaktive

og har nedsett funksjonsevne i samband med å delta i drett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Prinsippet om universell utforming er særleg viktig. Universell utforming betyr at produkt, byggverk og uteområde som er i ålment bruk, skal utformast på ein slik måte at alle menneske skal kunne bruke dei på ein likestilt måte så langt det er mogleg. Kulturdepartementet har utarbeidd reglar for korleis idrettsanlegg og lokale kulturbygg skal leggjast til rette for funksjonshemma. Desse retningslinene vert lagt til grunn og er føresetnad for å få tilskot frå spelemidlane.

1.3. Anleggstypar

Kulturdepartementet klassifiserer anlegg i høve fordeling av spelemidlar i to grupper:

Ordinære anlegg. Anlegga vert inndelt etter kva område dei skal dekke og kva aktivitetar og idrettar anlegget er tenkt brukt til.

Nærmiljøanlegg. Nærmiljøanlegg er enkle anlegg eller område tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet. Slike anlegg er hovudsakleg knytt til bustadområde. Anlegga er ikkje dimensjonert for konkurransar etter idretten sine reglar og skal vere opne for alle, primært for born og ungdom.

Staten skil òg mellom **kommuneanlegg, friluftsområde og friområde.**

Kommuneanlegg er ordinære anlegg som dekkjer krava til at ein kan drive konkurransar og trening på lags- og krinsplan. Kommunar bør ha minst eit anlegg innan dei idrettsgreinene som har stort omfang i kommunen. Medan nasjonalanlegg er idrettsanlegg som tilfredsstillar tekniske og funksjonelle standardkrav for avviking av internasjonale meisterskap og konkurransar. Med grøne område meiner vi område som er tilgjengeleg for ålmenta sin frie ferdsel. Friluftsområde er store, ofte uregulerte område som i hovudsak er i privat eige, og som kjem inn under allmannaretten. I kommuneplanen vist som LNF – område (landbruks-, natur- og friluftsområde). Friområde er avgrensa område med spesiell tilrettelegging og opparbeiding for ålmenta. Desse områda er erverva og opparbeidd av kommunen eller bustadsameige/grannelag – t.d. parkanlegg, leikeplassar, badeplassar, nærmiljøanlegg, turvegar. Friområde er eit regulert område gjennom arealplan, reguleringsplan eller utbyggingsplan, som t.d. leikeområde, park, turvegar, ballplass, område ved sjø, elv, vatn

1.4. Kommunen si rolle og forankring

Kommunen skal vere med å sikre rammer og føresetnader for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i kommunen. Medan det i all hovudsak er idretts- og friluftslivorganisasjonane sjølve som teke ansvar for aktivitetane, tufta på det einskilde lag sitt verdigrunnlag. Private aktørar er som hovudregel ikkje ein del av denne planen og har heller ikkje søknadsrett til spelemidlar, jamfør «Føresegner om tilskot til anlegg og fysisk aktivitet – 2013» (Kulturdepartementet 2013).

I samsvar med krav i plan og bygningslova er det utarbeidd eit eige planprogram for planen. Denne vart i samsvar med handsaming i planutvalet 16.05.2013, sendt på

høring til aktørane innan fysisk aktivitet, idrett, friluftslivet og andre relevante organisasjonar.

Kommunen har elles starta arbeidet med kommuneplan som inkluderer rullering av arealplan. Arealplanen vil derfor òg kunne vere med å leggje til rette for å vere fysisk aktive t.d. gjennom regulering av turvagar, grøntareal og parkanlegg, sykkelveggar, plassering av storhall, osb.

Kommunen sitt ansvar skal vere:

- Sikre kommunal styring av anleggsutbygginga og rehabilitering av eksisterande anlegg
- Medverke til etablering av gode arena og areal til fysisk aktivitet og friluftsliv
- Legge til rette for gode rammevilkår hjå frivillige organisasjonar til å utvikle og drive gode aktivitetstilbod
- Ha god dialog og brukarmedverknad med laga, idrettsråd og friluftslivorganisasjonar
- Stønadsordningar og tilbod som legg til rette for fysisk aktivitet
- Fokus på interkommunalt samarbeid

Alle anlegg som krev kommunal økonomisk medverknad, skal vere med i kommunen sin økonomiplan. Det vil seie at det prioriterte handlingsprogrammet i økonomiplanen og årsbudsjetta gir grunnlaget for kva vi har av midlar til gjennomføring av den planlagde anleggsutbygginga. Arealbehov for idrettsformål, friluftformål og nærmiljøanlegg som vert dokumentert gjennom kommunedelplan for idrett, må vere innarbeidd i kommuneplanen sin arealdel.

Ved utbygging av anlegg til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, er det viktig å gjere ei analyse av behov både for anlegget ein ønskjer å bygge og korleis dette skal driftast. Med behovsvurdering meiner vi at ein tenkjer heilskap, sikrar ivaretek brei deltaking, og at ein legg opp til sambruk mellom fleire brukargrupper og aktivitetar. Det er òg avgjerande at ein sikrar at deltaking retta mot barn og unge, menneske med nedsett funksjonsevne og inaktive, og at ein legg til rette for universell utforming.

1.5. Fylkeskommunale føringar og rolle

Kulturdepartementet har delegert mynde til fylkeskommunane til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilt til disposisjon for bygging og rehabilitering av anlegg til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Gjeldande fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2010 – 2013 er derfor eit viktig styringsreiskap for utbygging og rehabilitering av dei store anlegga i fylket og gir føringar for korleis kommunane utarbeider sine kommunedelplanar. Dei seinare åra har likevel vist at fylkesdelplan styrer mindre enn tidlegare, om lag 55% av midlane, medan 45% vert styrt av kommunedelplanane fordelt på om lag 15% av tilskota til nærmiljøanlegg og 30% til ordinære anlegg.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sendt regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017 på høring. Planen har særleg merksemd omkring fysisk aktivitet og folkehelse og har ein visjon om at alle innbyggjarane skal vere tilstrekkeleg fysisk aktive. M.a. seier planen at friluftsanlegg skal ha første prioritet ved tildeling av

spelemidler. Andelen av spelemidler til nærmiljøanlegg knytt til skule- og bustadområde vert samstundes auka.

Anlegg som skal styrast av fylkesdelplanen:

- Fleirbrukshallar
- Spesialhallar – fotballhallar, ishallar, ridehallar, symjehallar, tennishallar, symjehallar
- Hoppbakkar inkludert plastlegging
- Alpinanlegg med høgdeskilnad på over 100 m
- Golfanlegg
- Motorsportsanlegg
- Kunstgrasbaner med storleik større enn 60 x 100 m
- Kunstisbaner
- Nye utandørs skytebaner

1.6. Overordna statlege føringar og rolle

Utforminga av staten sin politikk i planfeltet er fordelt på tre departement:

- Kulturdepartementet har ansvar for idretten
- Miljøverndepartementet har ansvar for friluftslivpolitikken
- Helse- og omsorgsdepartementet har ansvar for dei helsefremjande og førebyggjande tiltaka
- Samferdsledepartementet har ansvar for sykkelsatsing

Visjonen "Idrett og fysisk aktivitet for alle" syner at styremaktene har som mål å leggje til rette for at flest mogleg har høve til å drive fysisk aktivitet. Gjennom løyvingane av spelemidler ønskjer staten at det skal vere tilnærma lik tilgang på anlegg til alle. Hovudmålgruppa for statlege idrettspolitikken er born (6 - 12 år) og ungdom (13 – 19 år), personar med nedsett funksjonsevne og inaktive ("Idrettsmeldinga" - *Meld. St.26 Den norske idrettsmodellen*). Statlege løyvingar til aktivitet og drift er kanaliserte gjennom Norsk Idrettsforbund (NIF) og vidare til idrettskretsane og dei lokale idrettsråda.

Det er vidare eit nasjonalt politisk mål at alle har rett til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen. Føremålet med friluftsliva er å verne om friluftslivet sitt naturgrunnlag og sikre ålmenta fri ferdsel og tilgang til naturen. Allemannsretten er sjølve berebjelken i våre friluftstradisjonar.

Dei statlege økonomiske verkemidlane for å stimulere til utvikling av idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er:

- Spelemidlane. Kulturdepartementet forvaltar desse midlane som kjem frå overskotet til Norsk Tipping AS og øyremerka idrettsformål.

- Midlar til friluftsliv. Miljøverndepartementet, Direktoratet for Naturforvaltning og fylkesmannen har ansvar for å halde i hevd ferdselsretten i utmark, og yter tilskot til oppkjøp av viktige område for friluftsliv. I tillegg vert det gjeve midlar til aktivitetar, stimuleringsiltak, tilrettelegging av stiar m.m. for friluftslivet.
- Miljøtiltak i landbruket. Landbruksdepartementet har eigen stønadsordning til spesielle miljøtiltak i landbruket.
- Samferdsledepartementet løyver gjennom Statens vegvesen midlar til tilrettelegging for sykling.

1.7. Idrett og fysisk aktivitet – utfordringar og muligheiter

Nordmenn trenar som aldri før(Samfunnsspeilet 2013/3). Tre fjerdepartar oppgir å trene eller drive fysisk aktivitet som mosjon ein eller fleire gonger i veka. I følgje idrettsmeldinga trenar vi oftare, hardare og meir. Men den daglege aktiviteten, kvardagsaktiviteten, er vesentleg redusert dei siste 20 åra. Dette har ført til redusert rørsle og fysisk meistring. Berre halvparten av 15-åringane oppfyller råda om ein time fysisk aktivitet i løpet av ein dag. Barn og unge driv likevel like mykje med organisert trening som tidlegare. Treningsfrekvensen varierer likevel med utdanninga til foreldra og kva landsdel ein bur i Vi registrerer fråfall både i tenåra og dei over 70 år.

På den andre sida står natur og friluftsliv sterkt, det same gjeld helsegevinstar ved trening og masseidrett. Berre i Førde er det t.d. i dag 115 fotballag. Dette gjer Førde til ein av dei største og mest aktive kommunane i landet innan barnefotball.

Idrettsarrangement har òg stor interesse og mobiliserer mange lokale lag og medlemmer rundt omkring i kommunen, anten det gjeld Førde Opp, volleyball- og handballkampar i Førdehuset, fotballkampar, skikarusell, eller grendaserien. Idrett på alle nivå skapar òg begeistringar på tribuna. Og begeistring er igjen med å styrke felles identitet, gjere staden attraktivitet og kjent og får fleire til å delta som aktive utøvarar.

Dei frivillige idretts- og friluftorganisasjonane er avgjerande viktige og gjer ein fantastisk innsats. Med eit langt større mangfald i livsstilar, set det krav til nye aktivitetsformer, ikkje minst gjennom bruk av naturen vår. Utfordringa er å opne opp for nye og spennande aktivitetar samstundes som ein tar vare på naturen på ein berekraftig måte.

Vår største utfordring i Førde er at hallkapasiteten ved Førdehuset er sprengt. Samstundes ser vi at nye grupper ønskjer bruk å utøve sine aktivitetar innandørs og i hall. Dette gjeld innan turn, vektløfting, kampsport, klatring, dans, Friskis & svettis, og aktivitet tilpassa menneske med ulike former for funksjonshemmingar. Dette er det verken kapasitet til, eller lagt til rette for i dag. I tillegg har vi stor aktivitet innan handball og volleyball. Desse ønskjer betre tilhøve for sin idrett med meir differensiert tilbod. Laga her er òg til dels langt framme nasjonalt.

Det er òg viktig at vi legg til rette for eigenaktivitet til barn og unge som ikkje er med dei meir tradisjonelle organisasjonane. Det kan vere tiltak og aktivitetar t.d. lagt til Kråkenesmarka (familiebakke alpin, meir tøffesportsaktivitetar t.d. innan motorsport, friluftaktivitetar av ulike typar og vanskegrader). Her har no laga gått saman og

ønskjer å utvikle Kråkenesmarka til eit felles idretts- og friluftskonsept som òg vil treffe meir uorganiserte barn, unge og vaksne.

Framfor alt er det avgjerande at vi no opparbeider og tilrettelegg turløyper i sentrum som er både trygge, opplyste på kveldstid, har sett ut benkar langs ruta, og som har varierende vanskegrad. Like viktig er det å merke, skilte og informere om dei turløypene vi har i Førde i dag, både sentrumsnære og i grendene. Tilrettelegging av turløyper handlar både om dei som har “dårlege føtter” (ulike funksjonshemmingar) og “små føtter”. I kommunen har vi mange barnehagar og dei er dagleg storbrukarar av sentrumsnære og tilgjengelege turruter. Samla sett har vi særst gode tilhøve for å drive eit enkelt, variert og tilgjengeleg friluftsliv i Bymarka og fjella vi har i kommunen og regionen.

Hafstadparken er eit eineståande tiltak og må ha eit hovudfokus i dei næraste åra. Utvikling av parken vil likevel vere dynamisk, og det vil vere viktig å sjå potensiale for å utvikle parkkonseptet.

Langeland skistadion er å rekne som eit interkommunalt anlegg og mange av innbyggjarane i Førde kommune nyttar seg av tilbodet her gjennom heile vinterhalvåret. Det er viktig at anlegget framstår som moderne og vert rusta opp i samsvar med behov og ønskje frå brukarane. Det er òg ei utfordring at fylkeskommunen opprettheld sine driftstilskot til større regionale anlegg om m.a. Langeland skistadion.

Til slutt ser vi at behovet for å oppgradere stadionanlegget melder seg sterkt m.a. i samsvar med at fotballen i Førde har stor oppslutnad og at sjansen til å nå opp i addecoligaen innan planperioden er stor.

1.8. Planlegging etter plan- og bygningslova

I plan- og bygningslova heiter det i §11-1 at kommunen skal ha ein “... *samlet kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel*”. Vidare står det at det “... *kan utarbeidast kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomheter*”.

Kommunedelplan for utbygging av anlegg for idrett og friluftsliv er å rekne som ein slik tematisk plan. Planen er elles utan juridisk binding når det gjeld disponering av areal. Kulturdepartementet stiller minstekrav til kva ein slik plan skal omfatte. Planen skal vurdere det langsiktige behovet for anlegg (12 år) og ha eit prioritert handlingsprogram, kortsiktig del for 4 år.

1.9. Kommunale planar elles som regulerer tilgang og bruk av areal til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Førde kommune skal no oppdatere kommuneplanen for perioden 2014 – 2026. Det sentrale spørsmålet er korleis Førde kan vekse innanfor dei rammene vi har. Kommuneplanen har ein eigen del om arealdisponering. Utfordringa her er at Førde i mange år har vore i vekst, og at areal til bustad, næring og infrastruktur dermed er under hardt press. På same måten som mange andre norske byar, ber sentrum preg av lange avstandar mellom ulike teneste- og servicetilbod. Desse utfordringane bør

løysast med meir fortetting, meir effektiv og attraktiv kollektivtrafikk og betre tilrettelegging for syklende og gåande.

Førde har i tillegg andre kommunedelplanar som òg verkar inn på framtidig planlegging av fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Dette gjeld følgjande planar:

- Kommunedeleplan trafikk Førde sentrum (2013)
- Kommunedelplan energi, miljø og klima 2010 – 2015
- Komunedelplan for spesielle miljøtiltak i jordbruket og nærings- og miljøtiltak i jordbruket
- Kommunedelplan for Bekkjavatnet, Digermesvatntet, Kvanndalsvatnet, arealdel for hytter
- Kommunedelplan kultur 2013 – 2020.
- Kommunedelplan E39 Langeland - Moskog

2. Resultatvurdering av planperioden 2010 – 2013

2.1. Idrettsanlegg

Bystyret vedtok i budsjett for 2013 ei subsidiering av halleige for barn og unge for 2013 og tilsetting av eigen banemeister for utandørsanlegga i Førde kommune. Dette har vore sær s viktige idrettspolitiske tiltak.

Vi må elles kunne seie at idretten i Førde kommune har gode idrettsanlegg. Det gjeld større kommunale og nærmiljøanlegg. Dei gode anleggstilhøva har medverka til at vi har eit allsidig og tilrettelagt tilbod og stor aktivitet.

Utbygging av ulike idrettsanlegg i Førde kommune har fått god utteljing når det gjeld støtte frå spelemidlane. Det er og lagt ned ein svært stor dugnadsinnsats frå frivillige i samband med utbygging/rehabilitering av idrettsanlegg. Tilføring av spelemidlar og den store dugnadsviljen i dei frivillige laga er hovudgrunnen til at anleggsutbygginga i Førde kommune har late seg gjennomføre.

Kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein godt eigna styringsreiskap for anleggsutbygging. Det viser oversikten over status over anlegg som i anleggsperioden 2010 – 2013 er ferdig. Måloppnåinga er god, men kunne likevel vore betre.

Evaluering og måloppnåing – spelemidlar ordinære idrettsanlegg		
Prioritert Handlingsprogram 2010 – 2013		
Pr	Anlegg	Status
1	Terapibasseng Helsetunet	Ferdig, tilskot utbetalt
2	Kunstgrasbane Hafstad idrettspark	Gjennomført, søkt, men ikkje fått spelemidlane, må prioriterast vidare
3	Kunstgrasbane	Ferdig, tilskot utbetalt

	Sunde – mindre anlegg	
4	O-kart – Langeland	Ferdig, tilskot utbetalt
5	O-kart – Moskog	Ferdig, tilskot utbetalt
6	Bystien	Under arbeid. Deler av tilskotet (80%) er utbetalt
7	Kunstgrasbane Hafstad	Gjennomført, søkt, men ikkje fått spelemidlane, må prioriterast vidare
8	Førdehuset – nytt spesialgolv handball	Ikkje gjennomført
9	Idrettshus – nytt tak og speakeranlegg Førde stadion	Ikkje gjennomført. Må drøfte nærare om det skal gjennomførast.
10	Turkart	Ikkje gjennomført. Må prioriterast vidare
11	Førde stadion – tribuneanlegg	Ikkje gjennomført. Må følgjast opp gjennom nytt prosjekt for stadionanlegg
12	Turstiar – merking, skilting	Ikkje gjennomført. Må prioriterast vidare og sjåast i samanheng med tiltak 10.
13	Joggeløype	Ikkje gjennomført. Del av Hafstadparken
14	Rulleskiløype	Ikkje gjennomført. Del av Hafstadparken og Langeland skisenter (interkommunalt)
15	Førdehuset – rehab. Idrettsgarderobar	Ikkje gjennomført. Må prioriterast vidare
16	Isflate – Hafstad idrettspark	Ikkje gjennomført. Del av Hafstadparken
17	Førdehuset – Klatrevegg og styrketreningsrom	Ikkje gjennomført. Klatreveggen må prioriterast vidare.
18	Delanlegg friidrett Hafstad idrettspark -	Ikkje gjennomført. Del av Hafstadparken

Ferdigstilling av terapibassenget har vore viktig. I tillegg har oppstart av Hafstadparken hatt stor merksemd. Hafstadparken femner om ei rekkje tiltak. Her er begge kunstgrasbanene ferdige, og det har vore særstør aktivitet på desse. Spelemidlane til desse banene vil i samsvar med framlegg til regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv (fylkeskommunen) bli betalt ut truleg i 2014 og 2015. I tillegg har mykje av arbeidet med parken vore gjort gjennom bygging av infrastruktur både med omsyn til vatn, avløp og veg. Dei mindre anlegga vil bli bygd ut i prioritert rekkjefølgje i løpet av 2014 og 2015.

Elles er det blitt utarbeidd fleire O-kart, og kunstgrasbana på Sunde er ferdig. Hafstadkleiva er mykje i bruk, og her har det allereie blitt arrangert to "Førde Opp" arrangement. Men ruta er framleis ikkje ferdig, og det vil bli arbeidd vidare med denne med mål om ferdigstilling i første del av 2014.

Fleire av tiltaka som er lista opp over, må vi ta med vidare i handlingsprogrammet for 2014 – 2017. Det gjeld m.a. nytt golv i Førdehuset, Førde stadion tribuneanlegg, turkart og turstiar. Når det gjeld idrettshus ved stadion – "speakerhuset" – synest det i dag å vere lite framtidsretta å rehabiliterer dette grunna skade (tak som lek). Dette tiltaket vil vi sjå i samanheng med nytt tribuneanlegg i handlingsprogrammet.

2.2. Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg		
	Anlegg	Status
1	Ballbinge – Flatene skule	Ferdig
2	Ballbinge – Frøysland skule	Ferdig
3	Skileikanlegg – Blomlia	Ferdig
4	Ballbinge – Førde barneskule	Ikkje ferdig
	Ballbinge Vettreiene	Ferdig.
5	O-kart – Grimelandshaug	Ferdig
6	Skatepark – Hafstad idrettspark	Ikkje gjennomført. Del av Hafstadparken
7	Turveg – Hafstad idrettspark	Ikkje gjennomført. Del av Hafstadparken
8	Ballbinge – Karstad skule	Har søkt, ventar på tildeling. Ikkje ferdig
9	Sandvolleybane – Hafstad idrettspark	Ikkje gjennomført. Del av Hafstadparken
10	Basketball – Hafstad idrettspark	Ikkje gjennomført. Del av Hafstadparken
11	Badminton – Hafstad idrettspark	Ikkje gjennomført. Del av Hafstadparken
12	Hoppbakke – plastbakke K10 – Hafstad idrettspark	Ikkje gjennomført. Del av Hafstadparken
13	BMX sykkelbane – Hafstad idrettspark	Ikkje gjennomført. Del av Hafstadparken
14	Turkart – Halbrend/Flatene	Under arbeid

Tre ballbingar er bygd i perioden og fleire er under bygging. Mindre kostnadsnevrande anlegg i tilknytning til buområde og i grender er veldig populære og viktige. Det "limer" naboskap, grender og bumiljø tettare saman gjennom både dugnadsinnsats og bruk, og sikrar betre, tryggare og meir estetiske utemiljø. Det er stort engasjement hos dei som vil gjere ein innsats for nærmiljøet. Eit døme er Viebøen Idrettspark, som har fått både eigen aktivitetspark, tennisbane og balansepark på dugnad.

Dei fleste anlegga har vore realisert gjennom kommunal medverknad. Tilbakemeldingane er svært gode med omsyn til bruk og deltaking. Førde kommune har vore opptekne av at nærmiljøanlegga skal lokaliserast til bustadområda, skulane eller i tilknytning til eksisterande idrettsanlegg. Den geografiske spreinga synest å vere god.

Friluftstiltak i Bymarka og på Langeland ski- og fritidssenter er realiserte. Tilbakemeldingane frå brukarane av desse områda er svært positive.

3. Uprioritert liste over langsiktige behov for idrettsanlegg og friluftsområde i Førde kommune mot 2026

I planen er det sett opp ei uprioritert liste over innmelde anleggsbehov. Dette er anlegg som skal takast inn og prioriterast i det handlingsprogrammet for perioden 2013 – 2017.

Områdetype/Anleggstype	Stad	Storleik	Eigar	Kostnads-kalkyle	Merknad
Stadionanlegg – tribuneanlegg mot begge banene, garderobe, servicebygg, utstyr mm	Førde stadion inkludert begge banene	Tak på sittetribunen med stolar	Førde kommune	25 ¹	Under planlegging
Klatrehall, styrketreningsrom øvingsrom, mm	Førdehuset	600 m2	Våtedalen Tindeklubb	15 mill	Nybygg ved Førdehuset
Ny fleirbrukshall	Halbrend skule	1000 m2	Førde kommune	30 mill ²	Tilpassa skulen og kan nyttast som grendahus
Ny idrettshall til Førdehuset – må òg sjåast i samanheng med klatrehall	Førdehuset	1000 m2	Førde kommune	30 mill ³	Nybygg til Førdehuset – spesialhall til handball, volleyball, turn, dans, friskis & svettis, tilpasse aktivitetar til menneske med nedsett funksjonsevne
Storhall	Ikkje utgreidd	Ikkje utgreidd	Fins – Førde industri og næringsssamskipnad	Manglar kalkyle	Fins har fått kr 0,5 mill i INU midlar til å greie ut
Symjehall	Førdehuset	12,5 x 25 m, småbasseng (4x8 m) og stupeavdeling	Førde kommune	Manglar kalkyle	Rehabilitering av bassenget
Friidrett	Førde stadion	400 m løpebane 6/8 baner	Førde kommune	0,5 mill	Kastbur, matter, blokker, hekkar og utstyr

¹ Ikkje prioritert i øk planen 2014 - 2017

² Ikkje prioritert i øk planen 2014 - 2017

³ Ikkje prioritert i øk planen 2014 - 2017

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 - 2017

Områdetype/Anleggstype	Stad	Storleik	Eigar	Kostnads-kalkyle	Merknad
Idrettsgarderobar	Førdehuset	8 stk	Førde kommune	3 mill	Rehabilitering av gamledelen
Motorsportanlegg	Kråkenesmarka	Rehabilitering gokartbane Opprusting bilcrossbane Tilrettelegging funksjonshemma Parkering og fjerning av masse	NMK Sunnfjord	14 mill	Oppgradering
Alpinbakke	Blomlia, Kråkenesmarka	Utviding snøproduksjon Nytt Barne- og familietrekk Ny hovudheis som òg kan trekke sykklar Nytt servicebygg	Sunnfjord skisenter	Samla kr 6,5 mill	Oppgradering og utviding
Skyting	Kråkenesmarka	Infrastruktur rundt standplass og parkering	Førde skyttarlag	1, mill	Oppgradering
Bogeskyting	Halbrend	Oppgradering av anlegget	Førde bogeskyttarklubb	150 000	Planering, drenering, veg mm.
Turveg, Soleide	Soleide – Bruland	Turveg inkl hengebru/bru over elva på Soleide samt tilførselsveg som sikrar UU	Førde Idrettslag	4 mill	Bru samt sikre tilførselsveg for gåande og sykling på begge sider ut frå UU.
Ballbinge	Sunde skule	13x21 m	Førde kommune	400 000	Planar
Ballbinge	Karstad skule	13x21m	Førde kommune	600 000	Planar
Ballbinge	Ulltang bustadfelt	13x21 m	Grendalaget	500 000	Planar
Ballbinge	Førde ungdomsskule – Skrivarløa	13x21 m	Førde kommune	600 000 ⁴	Planar
Nærmiljøanlegg/ballbane	Hogane/Kjørsløemø bakkane	39X20	Hogane/Kjørsløemøbakkane grendalag	500 000	Planar

⁴ Ikkje prioritert i øk planen 2014 - 2017

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 - 2017

Områdetype/Anleggstype	Stad	Storleik	Eigar	Kostnads-kalkyle	Merknad
Stall for	Mo jordbrukskule		Sogn og Fj. Fylkeskommune/Sunnfjord hestelag	Ikkje kalkulert	Planar
Tur- og sykkelveggar	Bekkjavatnet		Førde kommune i samarbeid med	Kr 600 000	Bekkjavatnet's venner
Turvegar i sentrum, tilrettelagt for universell utforming	Sjukeheimen, Festplassen,		Førde kommune	Kr 600 000	Eldrerådet. Helsetiltak. Universell utforming.
20 sentrumsnære turveggar i Førde	Nærområde til Førde	20 stiar	Førde kommune og Indre Sunnfjord Turlag	Kr 600 000	Tilrettelegging, skilting og informasjon om parkering, vanskegrad og lokalisering. Dugnadsarbeid
Løpskart	Bringeland	14 km ²	Førde IL, orienteringsgruppa	285 000	Oppdatering pluss utviding
Løpskart	Kinna	5 km ²	Førde IL, orienteringsgruppa	142 000	Nytt anlegg
Løpskart	Hafstadparken	0,7 km ²	Førde IL, orienteringsgruppa	30 000	Nærmiljøanlegg
Løpskart/skulekart	Sunde	0,5 km ²	Førde IL, orienteringsgruppa	20 000	Nærmiljøanlegg
Turkart	Kommunekart	Kommunen	Førde kommune	Manglar kalkyle	Under planlegging. Bygge vidare på det som er gjort tidlegare
Nærmiljøanlegg	Ytre Hafstad	Kulpen, turstium/bru (800 m)	Ytre Hafstad gr.lag	150 000	Vurdering
Badeplass	Hornnes	Arealdelen i kommuneplanen	Hornnes Grannelag	Manglar kalkyle	Under planlegging
Delanlegg friidrett -Kastfelt	Hafstad idrettspark	3 da (kastsektor)	Førde kommune	Manglar kalkyle	Under planlegging Tilsk. inntil 700 000
Isflate/rulleskøyter, asfaltdekk inkl fryserøyr	Hafstad idrettspark	30 X 60	Førde kommune	6 mill	Under planlegging 1/3 tilskot avgrensa opp til 1,2 mill kr

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 - 2017

Områdetype/Anleggstype	Stad	Storleik	Eigar	Kostnads-kalkyle	Merknad
Hoppbakke	Hafstad idrettspark	K – 8/10 plastbakke	Førde kommune	600 000	Under planlegging Tilskot inntil kr 300 000
Sandvolleybane med internasjonale mål samt med amfi	Hafstad idrettspark	4 baner	Førde kommune	900 000	Under planlegging Tilsk. inntil 200 000
Basketballbane	Hafstad idrettspark	17x30 m	Førde kommune	900 000	Under planlegging Tilsk. inntil 300 000
Jogge- og gangsti	Hafstad idrettspark	Plan	Førde kommune	2 mill	Under planlegging Tilsk. inntil kr 650 000 Min. lengde 500 m for tilskot
Skatepark - rullebrett	Hafstad idrettspark	Plan	Førde kommune	2 mill	Underplanlegging Tilsk. inntil 667 000
Rulleskiløype	Hafstad idrettspark	Plan	Førde kommune	2 mill	Underplanlegging 1/3 tilskot, maks Kr 667 000
BMX sykkelbane Skileik/akebakke	Hafstad idrettspark	Plan	Førde kommune	1,2 mill	Under planlegging Tilsk. inntil 400 000
Buldrevegg	Hafstad idrettspark	Plan	Førde kommune	Ikke kalkyle	Tilsk. Inntil 700 000
Aktivitetløype og friluftslivsanlegg for menneske med nedsett funksjonsevne	Hafstad idrettspark	Plan	Førde kommune	3,5 mill	Tilsk. Inntil 1 mill
Treningsfelt hundeklubben	Hafstad idrettspark	Plan	Førde kommune	Ikke kalkyle	Under planlegging. Dugnadsprosjekt
Luftsportsanlegg, landingsplass	Hafstad idrettspark	Plan	Førde kommune	Ikke kalkulert	Særleg vurdering av kulturdepartementet
Tilrettelegging for terrengsykling utanfor sentrum	Førde kommune	Plan	Førde kommune og Sykkelenbyen Førde	Ikke kalkulert	Under planlegging

Områdetype/Anleggstype	Stad	Storleik	Eigar	Kostnads-kalkyle	Merknad
Elektroniske skiver, skytebane for pistol, Kråkenesmarka	Førde kommune	Plan	Førde Pistolklubb	Ikkje kalkulert	Under planlegging
Opprusting og utviding av skeetbane, dobbelt-trap, fitasc/compact sporting baner	Førde kommune	Plan	Førde jakt- og fiskelag	Ikkje kalkulert	Under planlegging
Klatreelement og bordtennisbord (ute), Slåtten skule	Førde kommune	Plan	Slåtten Grannelag	Ikkje kalkulert	Tilskot opp til kr 300 000
Opparbeide turveg frå Ytre Hafstad til Bekkjarvatnet	Førde kommune	Plan	Ytre Hafstad Grannelag	Ikkje kalkulert	Tilskot opp til kr 300 000
Sykkelgård, trening sykkel- og trafikkdugleik for barn	Hafstadparken	Plan	Førde kommune	Ikkje kalkulert	I samarbeid med fylkeskommune, Statens vegvesen og Trygg Trafikk
Realisere "Sykkelbyen Førde"	Førde kommune	Plan	Førde kommune		I samband med Førdepakken

4. Spelemidlar og andre tilskotsordningar

Tradisjonelt har kommunen i tidlegare kommunedelplanar lagt størst vekt på bygging av anlegg i handlingsprogrammet. Det vil seie foreta ei prioritering av anlegg med omsyn til spelemidlar, kommunale tilskot samt private midlar og dugnadsinnsats.

Staten har ulike tilskotsordningar for å få til utbygging av anlegg til idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Det gjeld spelemidlar, midlar til friluftsliv og andre tilskotsordningar. Hovudregel for tildeling av spelemidlar er inntil 1/3 av godkjend kostnad, inntil ei beløpsgrense, jamfør føresegner. For nærmiljøanlegg gjeld eigne reglar og satsar. Rehabilitering av anlegg vert vurdert som nybygg, og har same søknadsprosedyre. Større interkommunale idrettsanlegg kan oppnå inntil 30% påslag på spelemiddeltilskotet dersom anlegget har ein avtale med minimum to kommunar involvert. Slike anlegg skal Kulturdepartementet godkjenne.

Nærmiljøanlegg er anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, i hovudsak ligg slike anlegg i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområder. Nærmiljøanlegg bør samlokaliseras til skuleanlegg og/eller idrettsanlegg med føresetnad om at det ikkje skal drivast organisert trening på området. Døme på slike anlegg er fleirbruksområde (ballbane), skileikanlegg, rullebrettbane, turstiar, ballbinge, sandvolleyball, lysanlegg osv. Områda skal vere fritt allment tilgjengeleg og nyttast til eigenorganisert fysisk aktivitet, primært for barn og ungdom, men også for befolkinga elles.

Nærmiljøanlegg skal ikkje dekkje behov for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet eller ordinære konkurransar i idrett. Stønadsbeløpet kan vere inntil 50% av godkjent kostnad, avgrensa oppover til kr 300 000. Ved større anlegg kan ein søkje om spelemidlar opp til tre anlegg som får spelemiddeltilskot.

Anlegg for friluftsliv omfattar anlegg som turhytte, turvegar, stiar og løyper, turkart, sanitæranlegg. Til slike anlegg er hovudregelen for tilskot 1/3.

Friluftslivmidlar er tilskot som kommune, lag og organisasjonar kan søkje på. Fylkesmannen fordeler midlar etter søknad. Tilskotsordninga kan både nyttast til innløyning eller kjøp av friluftslivområde og til tiltak i friluftslivområde.

Hafstadparken har fått særskilde fylkeskommunale løyvingar fram til 2015. Skyttararenaen i Kråkenesmarka vil søke tilsvarande midlar til betre tilrettelegging på arenaen i samband med landsskyttarstemne i 2017.

4.1. Drift og vedlikehald

Drift av anlegg og områder for idrett og friluftsliv omfattar dagleg driftstilhøve, vedlikehald, utstyr, idrettsleg og miljømessig ansvar, økonomisk, teknisk og administrative forhold. Det er viktig å ikkje undervurdere storleiken på utgiftene ved drift og vedlikehald av større idrettsanlegg. God og realistisk planlegging er viktig for å få oversyn på framtidige drifts- og vedlikehaldsutgifter og inntekter.

I samband med søknad om spelemidlar vert det stilt strenge krav til kostnads kalkyle og finansieringsopplegg, kredittvurdering samt drifts- og vedlikehaldsplan. Byggherre har ansvar for anleggsutbygginga og drifta av anlegget. For store og kostnads krevjande anlegg må drifts- og likviditetsbudsjett vurderast spesielt nøye.

Når det gjeld drift og vedlikehald av anlegg og område for friluftsliv, vil kommunen prioritere tilskot til lag/organisasjonar som tek på seg ansvar for rydding og oppmerking av stiar- og turvegar, både i utmark og i bustadområde. Det er ikkje avsett særskilde midlar til dette i budsjettet, men det er høve til å søkje om tilskot til slike føremål av dei ordinære kulturmidlane.

4.2. Prinsipp for vurdering av tildeling av spelemidlar

Prosjekt som skal få spelemidlar må vere prioritert i handlingsprogrammet for komande planperiode 2014 – 2017. Vi har lagt slikt prinsipp til grunn i tildeling av spelemidlar:

- Dokumentert behov i kommunedelplanen
- Avklara driftsansvar, brukargrunnlag og økonomi
- Kostnads krevjande anlegg må vere med i kommunen sin vedtekne økonomiplan
- Utvikling av eksisterande anlegg vil bli prioriterte framfor bygging av nye anlegg
- Friluftslivsanlegg vil få særskild handsaming
- 0-kart som nyttar naturen vil få særskild handsaming

4.3. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av idrettsanlegg.

Alle anlegg som det skal søkjast om tilskot frå spelemidlane, må vere idrettsfunksjonelt førhandsgodkjent. Førehandsgodkjenninga skal sikre gode tekniske og funksjonelle løysingar, og at anlegget er i samsvar med krava som gjeld for anlegget. Dei fleste typar anlegg kan godkjennast av kommunen. Førehandsgodkjenning av anlegg gjeld nybygg, rehabilitering og ombygging. Anlegg som krev førehandsgodkjenning av departementet er:

- Alle typar haller
- Kunstisflater
- Hoppbakkar større enn 75 m
- Utfortrasear
- Prøveprosjekt/prøveanlegg
- Utandørs symjeanlegg
- Undervarmeanlegg i kunstgrasbaner
- Større motorsportsanlegg med samla kostnad større enn 5 mill. kr.

Meir om idrettsfunksjonell førhandsgodkjenning finn ein i “Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2013” og kan lastast ned her – http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Idrett/Publikasjoner/V-0732-N-2013_web.pdf

5. Handlingsprogram for planperioden 2014 – 2017

Handlingsprogrammet syner kva anlegg som kommunen prioriterer for utbygging med tilskot frå spelemidlane i komande planperiode. Investering i nye idrettsanlegg er framleis slik at vi bør vurdere desse opp mot mål og strategiar, med bakgrunn i innmelde behov og aktivitet. Det blir viktig å finne fram til kva behov vi har og ikkje minst prioritering av typar anlegg.

Førde kommune vil legge forholde til rette for at flest mogleg av innbyggjarane, særleg barn og unge, menneske med funksjonshemmingar og inaktive, skal kunne drive idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

5.1. Behov og utfordringar

Vi legg til grunn følgjande utfordringar og behovsanalyse som grunnlag for handlingsprogram i komande planperiode:

- Overføring av prioriterte anlegg i tidlegare kommunedelplan og handlingsprogram (2010 - 2013) som ikkje har fått løyvingar til neste planperiode.
- Arbeidet med Hafstadparken er komen godt i gang. No er utfordringa å bli ferdig med infrastrukturen og få på plass dei mindre kostnadskrevjande anlegga som ligg i planen.
- Hallkapasiteten må utvidast. Både volleyball, handball, friskis og svettis, dans, har signalisert at dei er interesserte i at det vert bygd fleirbrukshall (23 x 44m) til. Primært bør denne hallen byggast ut saman med Førdehuset og slik sikre ei vidare utbygging og forsterking av campusområdet basert på idrett, kultur,

utdanning, park og rekreasjon. I samsvar med innspel til tidlegare planar for idrett og fysisk aktivitet, kan det òg vere aktuelt å bygge ein fleirbrukshall ved Halbrend skule.

- Det er trong for å rehabilitere symjeanlegget i Førdehuset. Det gjeld både garderobar og toalettanlegg. Men sjølve bassenget viser teikn til stor slitasje, og ein må etter kvart vurdere ei total rehabilitering her.
- I tillegg har Våtedalen Tindeklubb signalisert eit sterkt ønskje om å få til ein eigen klatrehall, gjerne saman eller i området nært Førdehuset. Vi veit vidare at turngruppa ønskjer betre hallplass, vi bør òg leggje til rette for kampsport og styrkeløft, og vi manglar betre tilrettelegging for innandørs aktivitetstilbod til menneske med nedsett funksjonshemming. M.a. har eldrerådet spelt inn ønskje om innandørs bocciabane. Dette saman med ny hall ved Førdehuset bør sjåast i samanheng.
- Det blir òg arbeidd med å realisere ein storhall i Førde. Hallen vert greidd ut etter initiativ frå Førde industriforeining (/Fins). Hallen er elles spelt inn til den nye regionale plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv slik at den òg kan få rett til spelemidlar på sikt.
- Førde stadion er eit viktig anlegg for fotball og friidrett. Her er det fleire omsyn som må ivaretakast og som krev snarleg handling. Det eine er knytt stadionanlegg for fotball. Truleg vil det beste vere å etablere hovudbane på dagens kunstgrasbane. Eit tribueanlegg mellom den nye fotballstadion og dagens friidrettsarena med grasbane, vil kunne gje ei svært god løysing for begge partar og skape ein ny, moderne og attraktiv arena i Sogn og Fjordane. Ei mogeleg opprykk til adecoligen vil òg sette andre krav til m.a. garderobe nær stadion, sikkerheitssoner rundt bane, tribune, pressområde, tryggleik, osb. Det er òg viktig at ein opprettheld statusen Førde stadion har som friidrettsanlegg med omsyn til kunststoffdekke og naturgras, og at ein sikrar tilstrekkeleg vedlikehald.
- Førde Skyttarlag, Førde Pistolklubb, Sunnfjord Skisenter, Norsk Motorsportsklubb Sunnfjord og Førde jakt og fiskelag går saman om å bygge ut og drive Kråkenesmarka som ein felles aktivitetspark. Parken skal innehalde eit breitt tilbod innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for barn, unge og vaksne. Satsinga er særst interessant både fordi den vil ha eit openbart regionalt perspektiv, samstundes med at den òg vil gi eit langt større tilbod for dei som ikkje deltek innanfor dei meir tradisjonelle idrettane og som søker andre typar utfordringar.
- Område for etablering av nye badeplassar er det gjort lite for å sikre areal til, samt leggje til rette for å utvikle nye badeplassar i sentrum. Det er såleis behov for å få etablert nye offentlege badeplassar meir sentrumsnært. Badeplassen i Erdalen har manglar med omsyn til parkering, tilkomst for funksjonshemma, rullestolbrukarar og barnevogner, kapasitet, sanitæranlegg. Med nytt reinseanlegg på plass vil Hornnes peike seg ut som eit aktuelt område for å kunne bli den nye badeplassen i Førde. Dette området er sentrumsnært, solrikt og godt eigna for spesielle tilretteleggingstiltak, i form av toalett,

bryggjer, tilkomst for funksjonshemma. Eit friluftsområde langs sjøen på Hornnes bør setjast av til ny badeplass i kommuneplanens arealdel (LNF – område). Kommunane Gaular og Førde har inngått avtale med grunneigar på leige av arealet på austsida av Langelandvatnet til offentleg badeplass. Avtalen opnar for at vi kan setje opp installasjonar som toalettanlegg, flytebryggje, stupetårn, grillplass, benkar m.m.

- Tilhøva for friluftsliv er gode i kommunen. Frå den enkle spaserturar – Bymarka- eller fjella kring Førde med utsyn til hav, elv, vatn og bre. I sentrum er det mange fine turar i nærområda. Her er behova i første rekke knytt til merking, skilting og parkering. Likeins må mindre tiltak i nærmiljøa, sentrum, skulane, barnehagane og bustadområda med tilkomst og opparbeiding prioriterast. Vidare er det viktig å få til ei satsing mot nye grupper. Tilrettelegging for sykkel, barnevogner og ulike funksjonshemmingar er eit viktig område å prioritere.
- Nærmiljøanlegg er enkle anlegg eller områder som er tilrettelagt for uorganisert fysisk aktivitet i tilknytning til bustadområde, skular eller friluftsområde. Slike anlegg skal ikkje dekke behov for organisert idrettsaktivitet eller ordinære idrettskonkurransar. Områda eller anlegga skal vere fritt, allment tilgjengeleg og basert på uorganiserte fysiske aktivitetar, primært for barn og unge, men også for lokalbefolkninga elles. Nærmiljøanlegg bør som prinsipp byggjast i tilknytning til skuleanlegg, friområde i bustadfelt og/eller andre idrettsanlegg. Det er planar om ei rekkje nye nærmiljøanlegg. Mesteparten av desse vil bli etablert i Hafstadparken, men fleire ballbingar er òg underplanlegging. Men òg i grendene er det fleire ønskje om slike anlegg.
- Langeland Ski- og fritidssenter AS ligg i Gaular kommune, mot grensa til Førde. Mange av brukarane kjem frå Førde kommune. Skisenteret er eigd 50/50 av Gaular IL og Førde IL. Anlegget har 5 km lysløype, godt utbygd turløypenett, skileikebakke, o-kart, postvegen, parkeringsanlegg, løypemaskin, varmestove/skihytte, og Kleiva Hoppanlegg (samarbeid om preparering). Det er utarbeidd planar for rulleskiløype, ny konkurranseløype på 3,75 km og ombygging av skistadion. Dessutan vil det framover bli forsøkt lagt til rette for at løypene kan brukast til offroadsykling . Dersom anlegget får status som interkommunalt anlegg styrkar det grunnlaget for spelemiddelfinansiering av den planlagde rulleskiløypa. I nyleg vedtatt reguleringsplan er det sett av plass til skiskyttarstadion.
- Bymarka er svært populært og vert mykje nytta som utfartsområde for innbyggjarane i Førde. Dette takka vere stor innsats frå frivilljuge eldsjeler frå Bymarkas Venner. Kommunen har hatt sær gode drøftingar med grunneigarar på Bruland for å få til avtale om tilrettelegging, parkering og bruk av Bymarka. Dette for å sikre publikum tilkomst til vegen for ålmenn bruk og fri ferdsel i Bymarka. Vidare at kommunen og Bymarkas venner får løyve til merking, utbetring og vedlikehald av vegnett/stiar/løyper i utmarka. Det vil seie rett til å opparbeide gangvegar/stiar, klopper og bruer der dette er nødvendig, samt løyve til å rydde vegnett/stiar ved å hogge greiner og fjerne kratt. På sikt

bør det leggjast til rette for samanhengande rutenett frå Bruland – Hafstadjellet – Hunsrasta – Bekkjavatnet – Høgda – Postvegen frå Reset til Hafstadstølen, langs Langelandsvatnet og Langeland. Det gjeld både sommar og vinter.

- Sykkelbyen Førde. Som konsekvens av Førdepakken, vil Førde mot 2023 kunne stå fram som ein godt utbygd sykkelby i dei sentrale, flate områda av kommunen. Tur og treningssykling utanfor etablerte sykkelveggar, og detaljerte tilrettelegging på og omkring skulane, vil vere avgjerande for å forsterke Førde som sykkelby og gje innbyggjarane dette viktige tilbodet for å auke sykkelbruken på fritida og på skulane. Det vil vere aktuelt med fysisk tilrettelegging av veggar og stiar, avtaler med grunneigarar og utvikling av sykkelkart.
- Det er eit prioritert mål og planar om å få utarbeidd eit turkart i kommunen. Her vil det bli gjort eit utval av dei finaste og mest populære fotturane i kommunen. Det ville òg vore fint å få utarbeidd eigne "løypeark" som skildrar kvar einiskild tur med kartreferansar, parkering, osv. Dette arbeidet vil skje i samarbeid med Indre Sunnfjord Turlag.
- Fleire av dei eksisterande idrettsanlegga i kommunen treng rehabilitering på grunn av slitasje samt nye forskrifter og krav frå Kulturdepartementet. Rehabilitering av idrettsanlegg er opprusting av eldre anlegg som skal gjere det meir funksjonelt, samt heving av standarden i forhold til dagens situasjon. Eit viktig tiltak her er nytt golv i Førdehuset.

5.2. Handlingsprogram for perioden 2014 – 2017. Ordinære anlegg for idrett og friluftsliv

Prioriteringane i handlingsprogrammet for 2014 – 2017 føl i hovudsak føringar frå gjeldande kommunedelplan for utbygging av anlegg for idrett og friluftsliv 2010-2013. Når det gjeld Hafstadparken, er anlegg som allereie er bygt ut prioritert. Dette gjeld begge kunstgrasbanene og er i samsvar med førre plan. I tillegg har vi lagt inn i handlingsprogrammet undervarme i begge banene som prioritert 4. Dette var ikkje med i tidlegare plan. I samsvar med avtalen med Førde Idrettsråd er dei ulike aktivitetsdelane prioritert føre klubbhuset. Sunnfjord Skisenter sin barneheis er prioritert på 3 plass som følgje av at dei ved ein feil ikkje fekk prioritering ved fordeling i 2013 .

Ordinære anlegg				ANLEGGSSSTART – FINANSIERING K=kommunal SM=spelemidler PR=private												
Pr	Anlegg	Søklar	Kostnad 1000 kr	2014			2015			2016			2017			
				K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR	
1	Kunstgrasbane 1, Hafstadparken	Førde kommune	9000	3000	2500	3000										
2	Kunstgras-	Førde	7500	3000	2500	2000										

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 - 2017

	bane 2, Hafstad-parken	kommune																
3	Sunnfjord Skisenter – familieheis	Sunnfjord Skisenter	1000		337	663												
4	Sunnfjord Skisenter – nedfart	Sunnfjord Skisenter	2100		700	1400												
5	Undervarme kunstgrasbane, Hafstad-parken	Førde kommune	3000		700	2300												
6	Rehabilitering kunstgrasbane stadion	Førde kommune	5500	4500	1000													
7	Førdehuset – nytt spesialgolv handball	Førde kommune	4020					2680	1340									
8	Skateanlegg Hafstad-parken	Førde kommune	2000		667	1333												
9	Aktivitetløype og friluftslivsanlegg for menneske med nedsett funksjons-evne, Hafstad-parken	Førde kommune	3500		1000	2500												
10	Sandvolleybane – Hafstad idrettspark, internasjonale mål	Førde kommune	900		300	600												
11	Rulleskiløype	Førde kommune	2000					667	1333									
12	Isflate – kunstis Hafstad idrettspark (Førde kommune	6000		1000	5000												
13	BMX sykkelbane – Hafstad idrettspark	Førde kommune	1200					400	800									
14	Klubbhus Hafstad-parken, garderobe	Førde Idrettslag	25000 ⁵					1000	14800									
15	Klubbhus, møterom Hafstad-parken	Førde Idrettslag						1000										
16	Klubbhus, lager Hafstad-parken	Førde Idrettslag						1000										
17	Klubbhus Hafstad-parken, ekstra garderobesett 1							500										
18	Klubbhus Hafstad-parken, ekstra							500										

⁵ Gjeld totalt for heile klubbhuset

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 - 2017

	garderobesett 2																
19	Ny gokartbane	NMK Sunnfjord	9000					1000	8000								
20	Hall, etablering, saman med klatrehall	Førde kommune/ Våtedalen Tindeklubb	40000							17000 ⁶	10500	12500					
21	Turveg Soleide	Førde kommune	4 000					500	1000	2 500							
22	Nytt stadion-anlegg, klubbhus, garderobe ⁸	Førde kommune	23000 ⁹					4000 ¹⁰	1000	16000							
23	Nytt stadion-anlegg, klubbhus, lager/garasje							1000									
24	Nytt stadion-anlegg, klubbhus, møterom							1000									
25	Rulleski-anlegg Langeland – inter-kommunalt anlegg	Langeland Ski- og fritidssenter AS	5000	254 ¹¹	1400	3346											
26	Førdehuset – rehab. Idretts-garderobar	Førde kommune	3000	2000 ¹²	1000												
27	Rehabilitering snø-produksjon	Sunnfjord Skisenter	2900					700	2200								
28	Rehabilitering bilcrossbane (regional plan)	NMK Sunnfjord	3000					1000	2000								
29	Nytt servicebygg	Sunnfjord Skisenter	3000					1000	2000								
30	Førdehuset – rehab. Symjehall	Førde kommune	1500										1000	500			
31	Fleirbrukshall ved Halbrend skule 23X44	Førde kommune	30000									23000	7000				
32	Elektroniske skiver, skytebane for pistol, Kråkenesmarka	Førde Pistolklubb															
33	Sykkelgård, trening sykkel-og	Førde kommune	1 500						1 500								

⁶ Ikkje prioritert i øk planen 2014 - 2017

⁷ Ikkje prioritert i øk planen 2014 - 2017

⁸ Tribune får ikkje spelemidlar

⁹ Gjeld totalt for heile stadionanlegget

¹⁰ Ikkje prioritert i øk planen 2014 - 2017

¹¹ Ikkje prioritert i øk planen 2014 - 2017

¹² I øk plan 2014 – 2017 er det sett av kr 1,5 mill.

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 - 2017

	trafikkdugleik for barn														
34	Rehabilitering av symjehallen i Førdehuset, gjeld heile anlegget	Førde kommune	60 000											42 000	18 000

5.3. Handlingsprogram 2014 – 2017 – nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg				ANLEGGSTART – FINANSIERING												
				K=kommunal SM=spelemlidar PR=private												
P	Anlegg	Søkjar	Kostnad 1000 KR	2014			2015			2016			2017			
				K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR	
1	Ballbinge – Karstad skule	Førde kommune	500		250	250										
2	Tilrettelagte turvegar i sentrum	Førde kommune	600	100	300	200										
3	Ballbinge Førde ungdomsskule – Skrivarløa	Førde kommune	600	100	300	200										
4	Ballbinge Ulltang	Ulltang grendelag	500		250	250										
5	Tur- og sykkelveg Bekkjarvatnet	Førde kommune	600		300	300										
6	Løpskart	Førde IL, orienteringsgr oppa	285		90	160										
7	Løpskart	Førde IL, orienteringsgr oppa	142		45	97										
8	Sprintkart, Hafstad-parken	Førde IL, orienteringsgr oppa	30		10	20										
9	Skulekart, Sunde	Førde IL, orienteringsgr oppa	20					5	15							
10	Basketball – Hafstad idrettspark	Førde kommune	400					200	200							
11	Hoppbakke – plastbakke K10 – Hafstad idrettspark	Førde kommune	600					300	300							
12	Ballbinge Hafstad-parken	Førde kommune	600					300	300							
13	Nærmiljøanlegg/ballbaner, Hogane/Kjørslemøbakkane	Førde kommune	500		250	250										
14	Klatreelement og bordtennisbord (ute),	Slåtten Grannelag	600		300	300										

Nærmiljøanlegg				ANLEGGSSSTART – FINANSIERING K=kommunal SM=spelemidler PR=private											
P	Anlegg	Søkjar	Kostnad 1000 KR	2014			2015			2016			2017		
				K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR	K	SM	PR
	Slåtten skule														
15	Ballbinge, Sunde skule	Sunde grendalag	600							300	300				
16	Turveg ytre Hafstad	Ytre Hafstad Grendalag	150				75	75							

5.4. Handlingsprogram tiltak utanom spelemiddelordninga

Tiltak	Ansvar
Gratis halleige for barn og unge	Førde kommune
Turvegar i sentrum, tilrettelagt for universell utforming	Førde kommune saman med Førde Pensjonistlag, organisasjonar elles
20 sentrumsnære turveggar i Førde	Førde kommune saman med turlaga
Sykkelbyen Førde	Sykkelbyen Førde / Førde kommune
Tilrettelegging for terrengsykling utanfor sentrum	Sykkelbyen Førde / Førde kommune
Tiltak retta mot Sunnfjord Golfbane	Dette er primært Jølster kommune sitt ansvar
Historiske vandringsveggar	Førde kommune
Sentrumsnære badeanlegg	Førde kommune, grannelag

6. Langtidsprogram for idrettsanlegg 2017 - 2023

Langtidsprogrammet er utarbeidd frå innspel og kunnskap vi har i dag om anlegg som det vert jobba med, og som ikkje er klar for å få midlar i inneverande planperiode 2014 – 2017. Langtidsprogrammet har som mål å kunne gi oversikt over forventa anlegg som er under planlegging og vert arbeidd vidare med. Desse prosjekta vert vurdert når planane ligg føre og aktuelle for realisering. Aktuelle større anlegg som må vurderast for spelemidlar i neste planperiode

- Friluftsanlegg og aktivitetstiltak/-anlegg tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsevne og inaktive
- Rehabilitering av symjehallen Førdehuset
- Utvikling av Kråkenesmarka
- Utvikling av Langeland ski- og friluftsanlegg
- Storhall
- Sikre hallkapasitet i framtida
- Sykkelbyen Førde
- Innspel frå grannelaga Slåtten og Sunde om utviding av gymsal